



Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Aleheim	N - 101.4	15/274

Saksnr	Utval	Type	Dato
007/17	Hovudutval teknisk/næring	PS	06.02.2017
024/17	Formannskapet	PS	20.02.2017
012/17	Kommunestyret	PS	06.03.2017
004/17	Eldrerådet	PS	22.02.2017
005/17	Råd for funksjonshemma	PS	23.02.2017

GODKJENNING AV PLANPROGRAM FOR KOMMUNEDELPLAN FOR SVEIO SENTRUM

Prenta vedlegg:

Planprogram for kommunedelplan for Sveio sentrum 2015 - revidert versjon_14.12.2016
Sentrumsplan_Sakframlegg om oppstart av planarbeid

Saksopplysningar:

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

- Plan- og bygningslova
- Forskrift om konsekvensutredninger
- Kommuneplan for Sveio 2011-2023
- Gjeldande kommunedelplan for Sveio sentrum

KOPI AV TIDLEGARE SAKSFRAMLEGG I SAKA

Rådmannen 02.11.2015

Saksorientering:

I samband med at planprogrammet for kommunedelplan for Sveio sentrum vart lagt fram for handsaming i kommunestyret, 12.10.2015, kom det inn forslag om endring i forhold til rådmannen sitt framlegg til vedtak, jf vedlegg.

Endringane omhandlar utvida planavgrensing og vurdering av landbruksareal i sentrum.

Følgjande vedtak vart fatta i kommunestyret 12.10.2015, sak 068/15:

- *Adminstrasjonen bes utvide området sentrumsplanen dekker i henhold til vedlagte skisse. Dette innarbeides i nytt utkast som blir gjenstand for politisk behandling.*
- *I det vidare arbeidet skal ein sjå på korleis jordbruksareala i sentrum kan bevarast og*



brukast som ein ressurs for den vidare utviklinga.

Det går ikkje fram av kommunestyrevedtaket om det er forventingar til at den nye grensa som er teikna inn skal omfatte den endelege plangrensa for Sveio sentrum eller om den berre skal vera med for å sikre utgreiing av fleire område enn det som låg innafor den første planavgrensinga. I vedtaket er det ikkje heller grunngjeve kvifor ein ønskjer å utvide planområdet.

Då vedtaket i kommunestyret ikkje sei noko om at ny planavgrensing SKAL utgjere endeleg plangrense og det ikkje er sagt noko om at føringane i planprogrammet IKKJE skal gjelda, føresett rådmannen at planprogrammet fortsett skal gjelda slik det er lagt fram.

I planprogrammet er det mellom anna vist til at planavgrensinga skal vera føremål for konsekvensutgreiing og at *Avgrensing av planområdet må vera den innleiande konsekvensvurderinga før andre tema skal utgreiast*. Det er såleis allereie uttala i planprogrammet at plangrensa skal vurderast avgrensa når ein har gjennomført konsekvensutgreiinga.

Grunngjeving for at avgrensing av planområdet er naudsynt i denne samanheng er at det vil vera lite føremålstenleg å leggja inn store areal i ein plan der ein ikkje har sett føre seg at det skal skje utbygging eller tiltak. Uavklara areal som ikkje skal byggjast ut vert fort bunde opp i det føremål dei får (ofte LNF = Landbruk-, Natur- og Friluftsliv). Har ein konkret vurdert å leggja slikt føremål i ein plan, har ein òg sagt at desse areala skal haldast av til dette føremålet i framtida. Dersom ein ikkje har til hensikt å sikre slike areal så bør ein ikkje ha dei med i plangrensa når planen vert lagt fram for godkjenning (unnataket er kommuneplanen som skal dekkja heile kommunen og såleis må ha eit føremål for kvart område/areal). Det kan vera naudsynt å vise mellom anna LNF-føremålet i eit planområde der ein ønskjer å sikre areal frå utbygging, som landbruksareal, viktige naturområde eller område for friluftsliv. Slike føremål er konkret vurderte i ein planprosess og det vil vera vanskeleg i framtida å endre dette føremålet då ein på tidspunktet for å godkjenne planen meinte områda burde liggja som LNF. Med den grunngjevinga kan det vera hensiktsmessig å ikkje ha med for store område i plan.

Enno ein grunngjeving for at det kan vera naudsynt å avgrense planområdet er for å sikre fokus på rette staden – Sveio sentrum og senterstruktur. Her er viktig å leggja vekt på mellom anna god utvikling av senterstruktur, bustader i direkte tilknytning til sentrum, offentleg verksemd og næring/handel i sjølv sentrumsområdet. Arealføremål som ligg utanfor det direkte influensområdet til sentrum og som i tillegg ikkje vert støtta av tankane om samordna areal- og transportplanlegging i Regional plan for areal og transport på Haugalandet eller av den regionale planen for attraktive senter, bør vurderast halde utanfor sentrumsplanen. Dette for å unngå at fokus hamnar utanfor dei viktige spørsmåla som ein sentrumsplan skal sikre – sentrumsutvikling. Andre føremål som ikkje har direkte link til sentrum kan vurderast i samband med ordinær kommuneplanrevisjon. Slikt arbeid vil mest sannsynleg starte opp i løpet av 2016.

Endringa av plangrense vil ikkje endre dei føresetnader som låg til grunn for planarbeidet ved første oppstart og difor vert ikkje planprogrammet endra, med unntak av framdriftsplanen. Kommunestyret har ikkje heller i sitt vedtak om utvida plangrense sagt noko om at føringane i planprogrammet og som skal danne grunnlaget for planarbeidet, skal endrast. Ein føresett difor at planprogrammet fortsett skal gjelda som tidlegare lagt fram. Framdriftsplanen vert justert med bakgrunn i at planarbeidet må varslast på ny etter krav i plan- og bygningslova, noko som vil stoppe opp arbeidet noko og dermed forlenga planprosessen. Krav om ny varsling kjem av at føresetnadene for planarbeidet er endra gjennom utvida planavgrensing.



Det andre punktet i kommunestyret sitt vedtak 12.10.2015, som omhandla vurdering av landbruksareal, er vurdert å vera ein rein instruks til administrasjonen for vidare arbeid og vil ikkje medføre krav om endringar i planprogrammet. Planprogrammet legg allereie opp til at to alternativ skal utgreiast, der fokus er å avklare jordvernsinteressa i forhold til utbyggingsinteressa. Instruksen om å sjå på korleis jordbruksareala i sentrum kan bevarast og sikrast vidare vert teke vidare i sjølve utforminga av planen.

Vurdering:

Å utvida ei planavgrensing som allereie er varsla i oppstartsvarelet inneber at saka må sendast ut på ny høyring. Grunngeving for det er at dei som kan ha interesser i dei område som vert teke inn som vurderingsområde må få moglegheit til å koma med merknader og innspel før ein startar med sjølve planarbeidet.

Det er gjort ein vurdering at trass i at plangrensa som skal vera føremål for vidare konsekvensutgreiing vert utvida så vil det ikkje vera behov for å gjera endringar i kva føremål og tema som skal utgreiast i planprosessen. Dei tema som kan vera aktuelle for utvidingsområda er allereie nemnde i planprogrammet.

Det som må endrast i planprogrammet er framdriftsplanen. Dette er naudsynt då saka no vert utsett i vente på nytt vedtak om justert grense, ny høyring med 6 vekers frist og med endeleg vedtak av planprogrammet etter høyringa.

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. Ny utvida plangrense vert lagt som grunn for vidare arbeid med kommunedelplan for Sveio sentrum.
2. Det vert på ny varsla oppstart av planarbeid og planprogrammet vert på ny lagt ut på høyring då plangrensa er utvida og planprogrammet har fått justert framdriftsplan.
3. Saka vert lagt ut på høyring i seks veker etter annonsering.

Hovudutval teknisk/næring - 040/15

HTN - behandling:

På spørsmål frå HTN opplyste samfunnsplanleggjar Åse Aleheim at planprosessen kunne bli inntil eit halvt år forseinka grunna endringa.

Samrøystes som framlagt av rådmannen.



HTN - vedtak:

Tilråding til kommunestyret:

1. Ny utvida plangrense vert lagt som grunn for vidare arbeid med kommunedelplan for Sveio sentrum.
2. Det vert på ny varsla oppstart av planarbeid og planprogrammet vert på ny lagt ut på høyring då plangrensa er utvida og planprogrammet har fått justert framdriftsplan.
3. Saka vert lagt ut på høyring i seks veker etter annonsering.

Formannskapet - 084/15

FOR - behandling:

RØYSTING: Samrøystes som tilrådd av rådmannen

FOR - vedtak:

TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRE:

1. Ny utvida plangrense vert lagt som grunn for vidare arbeid med kommunedelplan for Sveio sentrum.
2. Det vert på ny varsla oppstart av planarbeid og planprogrammet vert på ny lagt ut på høyring då plangrensa er utvida og planprogrammet har fått justert framdriftsplan.
3. Saka vert lagt ut på høyring i seks veker etter annonsering.

Kommunestyret - 108/15

KOM - behandling:

RØYSTING: Samrøysta som tilrådd av formannskapet.

KOM - vedtak:

1. Ny utvida plangrense vert lagt som grunn for vidare arbeid med kommunedelplan for Sveio sentrum.



2. Det vert på ny varsla oppstart av planarbeid og planprogrammet vert på ny lagt ut på høyring då plangrensa er utvida og planprogrammet har fått justert framdriftsplan.
3. Saka vert lagt ut på høyring i seks veker etter annonsering.

NYE OPPLYSNINGAR I SAKA

Rådmannen 14.12.2016

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm.:

- Plan- og bygningslova
- Forskrift om konsekvensutgreiing

Saksorientering:

I samband med at kommunestyret fatta vedtak om å utvida avgrensinga av planområdet og å varsla ny oppstart av planarbeid med justert planprogram vart det sendt ut høyringsbrev til offentlege styresmakter, interessegrupper, næringsaktørar i sentrum, velforeiningar, bygdelag og andre lag og organisasjonar som kan ha interesser i utforminga og utviklinga av Sveio sentrum.

I tillegg til å senda ut brev og e-postar til aktuelle partar vart ny oppstartsvarsel og høyring av planprogrammet annonsert i Vestavind og Haugesunds Avis og saka vart lagt ut på kommunen sin heimeside.

Høyringsperioden varte i perioden 26.01.2016 – 06.03.2016. I samband med høyringa har det kome inn nokre merknader til planarbeidet.

MERKNADER TIL NYTT OPPSTARTSVARSEL OG FORSLAG TIL JUSTERT PLANPROGRAM

I samband med at det har kome inn merknader til planprogrammet har det òg kome innspel til sjølve planarbeidet saman med nytt oppstartsvarsel. Då denne saka omhandlar godkjenning av planprogrammet vert ikkje dei konkrete innspela til framtidige arealføremål framheva i dette saksframlegget. Dei vert først konkret vurderte og handsama i samband med gjennomføringa av planarbeidet.

Offentlege:

Fylkesmannen i Hordaland, 28.01.2016

Fylkesmannen viser til tidlegare uttale til planarbeidet og nyttar høvet til å minna om at statlege retningsliner skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova og at



planarbeidet skal vera i samsvar med overordna plan.

Kommentar frå kommunen:

Ved utarbeiding av planprogrammet var ikkje dei nye nasjonale forventingane lagt fram (planprogrammet vart lagt ut på høyring første gong i mai 2015 og dei nasjonale forventingane vart lagt fram i juni same år). Difor er dei nasjonale forventingane frå førre periode teke i bruk som utgangspunkt i arbeidet. Det inneber ikkje at ikkje dei nye forventingane og andre statlege retningsliner for planlegging skal vurderast i samband med planarbeidet. Det same gjeld òg for nye regionale planar i Hordaland og på Haugalandet som har kome til etter oppstart av denne planen og som har retningsliner for mellom anna sentrumsutvikling og senterstruktur.

NVE, Norges vassdrags- og energidirektorat, 25.02.2016

NVE har ikkje nye innspel som følgje av utvidinga av planområdet.

Statens vegvesen, Region vest, 29.02.2016

Statens vegvesen har ingen merknader utover det som vart gjeve i deira merknad til oppstart datert 06.08.2015.

Hordaland fylkeskommune, datert 03.03.2016, innstempla 10.03.2016

Fylkeskommunen viser til sin eigen uttale til første oppstartsvarsel for planarbeidet. Dei kan ikkje sjå at det er større endringar i planprogrammet sjølv om kommunen har valt å utvida planområdet.

Private:

Dei private innspela er meir retta mot konkrete tiltak enn merknadene frå dei ulike offentlege styresmaktene. Innspela vert alle konkret vurderte på eit seinare tidspunkt, når ein skal utarbeida arealdelen til planen. Dei vert då konsekvensutgreia på ulike nivå før det takast



avgjerd om dei skal takast med i planen eller ikkje. Innspela vert på den måten konkret vurderte i forhold til konsekvensar og sett i samanheng med ønskja utvikling og overordna lovverk og føringar.

Råd for funksjonshemma v/leiar Hildur Larsen, 07.10.2015

Rådet ønskjer å setja søkjelys på utkøyinga frå Stemhaugen. Når ein kjem som gåande ut frå Stemhaugen og skal ned til sentrum, både som gåande eller med rullestolar, må ein gå langs vegkanten på høgre sida nedover. På venstre sida er fortau skjerma med høg murkant som gjer det vanskeleg å koma over. Det vert vist til at dette skapar dagleg farlege situasjonar for dei mjuke trafikantane.

Kommentar frå kommunen:

Enkelttiltak skal i utgangspunktet vurderast i forhold til trafikksikringsplanen eller som strakstiltak. Forholda rundt situasjonen ved svingen ved Åsvegen er likevel med dette innspel gjort kjent for sentrumsplanprosjektet og vert vurdert vidare i planprosessen og i vurderinga av trafikktryggleiken rundt planarbeidet.

Dennis Frønsdal, 29.02.2016

Frønsdal viser til ønskje om å omgjera del av gnr. 40 bnr. 9 som ligg sør og sørvest for omsorgssenteret, frå LNF til bustadområde.

Kommentar frå kommunen:

Innspelet vert vurdert i samband med konsekvensutgreiinga for sentrumsplanen.

Råd for Funksjonshemma, v/ Hildur Larsen 03.03.2016

Rådet kjem med innspel om busstopp ved Leitevegen slik at det ikkje vert så langt å gå til bussen frå austre sida av Sveiåsen og områda rundt Golfbanen.



Kommentar frå kommunen:

Innspelet vert vurdert i samband med konsekvensutgreiinga og trafikkanalysen for sentrumsplanen.

Kristen Bergmål og Bjørn Olav Haukås, 06.03.2016

Bergmål og Haukås viser til at det er ønskjeleg å få lagt til rette for fleire bustader på Tveita og at det skal vera mogleg å få dela i frå eigna tomter på gardsbruka, i lag med landbruksavdelinga i kommunen.

Kommentar frå kommunen:

Den innleiande konsekvensutgreiinga for sentrumsplanen vil vera å avklara kor planavgrensinga skal gå. Dersom Tveita vert teke inn i planområdet vert innspelet vurdert gjennom konsekvensutgreiing.

Paladio AS v/ Liv Kari Eskeland, 07.03.2016

Det vert vist til at ein meiner at planprogrammet er eit godt utgangspunkt for prosessen fram til ein ambisiøs og berekraftig sentrumsplan for Sveio. I tillegg til nokre konkrete innspel viser Eskeland til at det er viktig for vidare utvikling rundt næringsområde ved Haukåskrysset at det vert lagt god til rette for kommunalt avlaup.

Kommentar frå kommunen:

Det er fatta vedtak om å utgreia behovet for vatn- og avlaupsløysingar langs med Fv 47 fram til Haukåskrysset. Dette vil mest sannsynleg samanfattast i eigen konsekvensutgreiing, men forholdet til gode løysingar for vatn og avlaup vil vera vesentleg å avklara tidleg i kommunedelplanprosessen. I den samanheng vil avgrensing av planområde for sentrumsplanen vera særskild viktig.



Sveio kommune

Sigmund Pedersen, 11.03.2016

(innspelet kom inn etter fristen)

Pedersen viser forslag til at Akebakken i Hansabakken som tidlegare var ein sær s mykje nytta ski- og akebakke no ikkje er så tilgjengeleg som før. No ligg arealet inneklemt og gror att.

Vidare viser han til forslag til turveg og -stiar rundt Sveio sentrum. Fokus i innspelet er lett tilgang og samanhengande områder.

Kommentar frå kommunen:

Innspelet vert teke med vidare og vert vurdert når friareal, grønstruktur og turstiar vert vurderte i planprosessen.

Sigmund Pedersen, 12.03.2016

(innspelet kom inn etter fristen)

Pedersen har eit konkret innspel for vegen ved Stemhaugen/Åsvegen – Steinhaugvegen. Han meiner at den «gamle» tverrvegen i aust-vest er lite eigna fordi den går ut i svingen i Åsvegen. Pedersen foreslår difor å knytte eksisterande og komande utbygging i sentrum og nordover saman på ein betre måte gjennom å føra vegen lenger nord slik at koplinga ikkje kjem ut i svingen. Det inneber at ein må etablera ein nytt kryss lenger nord.

Kommentar frå kommunen:

Forslaget vert vurdert i planprosessen i samband med vurdering av trafikksituasjonen og framtidig behov av tilrettelegging for mjuke trafikantar og biltrafikk.



Sveio kommune

FAU Sveio skule v/ Jan Helge Vikse, 14.03.2016

(innspelet kom inn etter fristen)

FAU ved Sveio skule viser til tidlegare merknader om trafikksituasjonen ved skulen og er uroa over manglande fokus på trafikksikring og løysing ved utbygging av skulen. Ein viser til Rikspolitiske retningsliner for barn og planlegging, punkt 5d om krav til erstatning av fellesareal eller friområde som er eigna for leik dersom slike vert omdisponerte gjennom plan.

Kommentar frå kommunen:

Det er i planprogrammet vist til at det skal gjennomførast ein trafikkanalyse. I denne skal det mellom anna sjåast på transportomfang i høve til konsekvensane ved vidare utbygging av Sveio sentrum når det gjeld trafiktryggleik og trafikkavvikling. Ein skal òg sjå på omsynet til mjuke trafikanter og gode løysingar for gåande og syklande.

Sveio Turlag, 04.04.2016 v/ Ole Daniel Eidsvåg

(innspelet kom inn etter tidsfristen)

Turlaget omtalar nokre turstiar i området i og rundt Sveio sentrum. Det vert mellom anna vist til område rundt golfbanen, Bjellandsvatnet, Paddevegen, Furevatnet, Åse og Melkeneset. Turstiane er godt og tydeleg omtala.

Kommentar frå kommunen:

Innspel om turstiar som er i bruk er viktige å ha som utgangspunkt når ein går inn i planprosessen. Det vil vera til god hjelp i vurderinga av kva areal som bør sikrast til friluftsliv og rekreasjon i framtida. Innspelet takast med og vert vurdert vidare i planarbeidet.

Leif Tore Haukås, 23.06.2016



Sveio kommune

(innspelet kom inn etter tidsfristen)

Det vert i innspelet vist til at det er vanskeleg å koma til fots frå sentrum til badeplass ved Vigdarvatnet. Fylkesvegen og private eigedomar stenger tilkomsten. Det visast til at det bør opparbeidast grusa turveg langs fylkesvegen mellom undergangane ved Krossleite og Mannabergsvegen og at det bør etablerast tilkomst til badeplassen frå desse undergangane.

Kommentar frå kommunen:

Kommunen har starta opp eit arbeid om kartlegging av friluftsliv og i den samanheng vil innspel om turstiar vera viktige. Innspelet takast med og vert vurdert vidare i planarbeidet.

Bernt Hilmar Jacobsen og Bernhard Myrvold, 26.06.2016

Innspelet omhandlar gnr. 40 bnr. 12 vest i Sveio sentrum. Det er eit ønskje om å dela den del av eigedomen som ligg sør for Gjermundhaugen, mot Sveio sentrum. Innspelet viser forslag til deling og framtidig tilkomst i området.

Kommentar frå kommunen:

Innspelet vert vurdert i samband med konsekvensutgreiinga for sentrumsplanen.

Odd Bjelland, 21.06.2016

Bjelland viser i sitt innspel til ønskje om å regulera deler av gnr. 40 bnr. 1 til einebustader og eventuelt konsentrert busetnad. Han viser til om lag 60-70 nyebueiningar i området.

Kommentar frå kommunen:

Innspelet vert vurdert i samband med konsekvensutgreiinga for sentrumsplanen



Liv Dommersnes Hervik, 26.09.2016

(innspelet har kome inn etter at fristen har gått ut)

Innspelet viser til ønske om utbygging av bustader på gnr. 41 bnr. 29 ved Rossafjellet

Kommentar frå kommunen:

Innspelet vert vurdert i samband med konsekvensutgreiinga for sentrumsplanen.

Vurdering:

Nytt oppstartsvarsel med tilhøyrande justert planprogram vart lagt ut på høyring under våren 2016. I samband med dette har det kome inn nokre kommentarar og innspel til planarbeidet. Det har ikkje kome nokre særlege kommentarar til forslaget til planprogram som inneber behov for ny justering. Difor kan planprogrammet leggjast fram for endeleg vedtak slik det vart sendt ut på høyring. Det vil likevel grunna tidsperspektivet vera naudsynt å gjera nokre justeringar av framdriftsplanen, men dette vil ikkje påverka framtidig innhald i sentrumsplanen eller innhald i dei utgreiingar som planprogrammet legg opp til å gjennomføra. Difor vil det ikkje heller vera naudsynt med ny høyring av planprogrammet berre for å justera framdriftsplanen.

Bakgrunnen for justert framdriftsplan:

Vidare framdrift har vore avhengig av kor fort ein kunne koma i gong med arbeidet etter at oppstart vart varsla og planprogrammet vart endeleg godkjent. Tidleg var målsettinga å varsle oppstart av planarbeidet og få lagt ut forslag til planprogram i løpet av våren og sommaren med høyringsfrist i slutten av juli 2015. Det vart gjennomført.

Målet var at planprogrammet skulle godkjennast av kommunestyret, i møte i midten av oktober 2015. Når planprogrammet vart lagt fram for godkjenning i oktober 2015 ønskja kommunestyret på det tidspunktet å utvida planområdet meir enn det oppstartsvarselet hadde opna for. I desember 2015 vart difor saka på ny lagt fram for kommunestyret for å få avklara om forslag til ny, utvida planavgrensing og justert planprogram vart akseptert denne gong. Kommunestyret godkjente forslaget og saka vart sendt ut på ny høyring i perioden 26.01.2016 – 06.03.2016. Hensikten var at planprogrammet for sentrumsplanen skulle leggjast fram for godkjenning før sommaren 2016. Slik vart det ikkje.



Samtidig som høringsfristen for uttale til planprogrammet for sentrumsplanen gjekk ut i mars, fatta kommunestyret vedtak om å starta opp arbeidet med kommunal planstrategi og at dette arbeidet òg skulle omfatta revidering av kommuneplanen. Arbeid med gjennomføring av planstrategien er særst omfattande og tidkrevjande og med bakgrunn i at planstrategiprosessen har tidsfrister måtte arbeidet med sentrumsplanen og vurdering av kommentarar og innspel frå høyringa leggjast på vent til etter at planstrategien vart godkjent.

Innspel:

I samband med at det vart sendt ut nytt oppstartsvarselet har det òg kome nokre fleire konkrete innspel til sjølvje planarbeidet. Dei vert vurderte på eit seinare tidspunkt i planprosessen. Dei må konsekvensutgreiast og det må avklarast at dei ikkje er i strid med lovverk, retningsliner, overordna planar eller er i strid med dei føringar kommunen kjem til å arbeida etter for å skapa ein ønskja sentrumsutvikling.

Rådmannen meiner at planprogrammet no kan godkjennast slik det vart lagt ut på høyring andre gong, med utvida planavgrensing, men med justering av framdriftsplanen.

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

- I samsvar med plan- og bygningslova § 11-13 og forskrift om konsekvensutredninger § 6 godkjenner Sveio kommunestyre planprogram for kommunedelplan for Sveio sentrum

Hovudutval teknisk/næring - 007/17

HTN - behandling:

Samrøystes som framlagt av rådmannen.

HTN - vedtak:

Tilråding til formannskapet:

- I samsvar med plan- og bygningslova § 11-13 og forskrift om konsekvensutredninger § 6 godkjenner Sveio kommunestyre planprogram for



Sveio kommune

kommunedelplan for Sveio sentrum

Formannskapet - 024/17

FOR - behandling:

Røysting:
Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd.

FOR - vedtak:

- I samsvar med plan- og bygningslova § 11-13 og forskrift om konsekvensutredninger § 6 godkjenner Sveio kommunestyre planprogram for kommunedelplan for Sveio sentrum

Kommunestyret - 012/17

KOM - behandling:

Røysting: Samrøystes som tilrådd av formannskapet.

KOM - vedtak:

- I samsvar med plan- og bygningslova § 11-13 og forskrift om konsekvensutredninger § 6 godkjenner Sveio kommunestyre planprogram for kommunedelplan for Sveio sentrum